



# SELJE KOMMUNE

## Driftsutvalet

### Møtebok

**Møtedato:** 28.05.2014

**Møtetid:** Kl. 14:00 – 18:00

**Møtested:** Seljetunet, 2 etg.

**Saksnr.:** 013/14 - 021/14

---

#### **Følgjande medlemmer møtte**

KRF: Stein Robert Osdal. TP: Gunnar Silden, Terje Ødegård. Judith Kvåle møtte kl. 15.00.  
FRP: Marit Swensen. H: Eva Janne T. Årvik

---

#### **Følgjande medlemmer møtte ikkje**

FRP: Svein Hansen.

---

#### **Følgjande varamedlemmer møtte**

TP: Vivian Nygård Sætren møtte som vara kl. 14.00 til 15.00.

FRP: Ove Swensen

---

#### **Følgjande frå administrasjonen møtte**

Fungerande rådmann Åse Elin Hole.

Sakshandsamar Plan og Utvikling Gry Otneim Leikanger møtte i sakene 017/14 og 017/14.

Økonomisjef Monika Sjøstad møtte i sak 019/14.

Leiar Driftsutvalet Stein Robert Osdal førte møteboka.

---

#### **Merknad til innkallinga**

Ingen

---

#### **Merknad til saklista**

Ingen

Driftsutvalet vedtok å handsame sakene i fylgjande rekkefølge:

013, 014, 015, 019, 020, 017, 018, 016, 021.

7 voterande.

## Følgjande saker vart handsama

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
013/14	Godkjenning av møtebok
014/14	Delegasjonssaker
015/14	Referatsaker
016/14	Helse og Omsorg - Regulativ for løn / Oppdragsavtaler støttekontakt / BPA / Omsorgsløn frå 01.01.15
017/14	Vilt 2014 - Fellingsløyve og fellingsavgift - Hjort
018/14	SMIL 2014 - Informasjon om sakshandsamingsfeil og tildeling av SMIL-midlar
019/14	Budsjett 2014 - Rapportering 1.tertial
020/14	Avgifter og gebyr 2014 - Gebyrregulering som fylgje av budsjett 2014
021/14	Stadlandet oppvekstsenter - Oppløysing / Endring

**Tilleggsaker:** Ingen

**Utskrift protokoll:** Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

**Utskrift møtebok:** Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

**Signatur:** \_\_\_\_\_



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Driftsutvalet	28.05.2014	013/14

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 14/299
---	----------------------	-----------------------------

## Godkjenning av møtebok

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 02.04.14 vert godkjent slik den ligg føre.

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
08.05.2014	Møtebok DU 02.04.14.pdf	55784

### **Handsaming i Driftsutvalet - 28.05.2014**

7 voterande

### **KU-013/14 VEDTAK**

Møteboka frå møte 02.04.14 låg ikkje føre til møtet og kan ikkje godkjennast.

Samrøystes.



## SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	28.05.2014	014/14

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 14/297
--------------------------------------	---------------	----------------------

### Delegasjonssaker

**DKU. 012/14: Gbnr. 56/264 - Byggsak - Bustadhus - Arnstein og Wenche-Linn Barmen**

**DKU. 019/14: Gbnr. 89/155 - Byggsak - Garasje - Roger Nygård**

**DKU. 021/14: RMP 2013 - klagesak - Ytre Drage Gårdsdrift, Kjetil Friberg**

**DKU. 023/14: Gbnr. 41/3 - Byggsak - Tilbygg bustadhus - Idar Ole Svedhaug**

**DKU. 025/14: Gbnr. 32/2-7 og 8 - Byggsak - Tilbygg Fritidsbustad - Margrethe Honningsvåg**

**DKU. 027/14: Gbnr. 56/228 - Byggsak - Garasje - Kenneth Husevåg**

**DKU. 028/14: Gbnr. 24/64 - Byggsak - Riving av bustadhus - Einar Ringen**

**DKU. 030/14: Gbnr.56/244 - Byggsak - Igangsettingsløyve -Leiligheter - Dragebygg AS**

**DKU. 031/14: Gbnr. 39/4 - Byggsak - Redskapshus - Astrid Andreassen**

**DKU. 032/14: Gbnr. 70/31 - Byggsak - Rehabilitering skorstein - Øystein Kvamme Austring**

**DKU. 033/14: Gbnr. 45/12 - Byggsak - Rehabilitering skorstein - Olav Ervik**

**DKU. 035/14: Vilt 2014 - Skadefelling - Gås**

**DKU. 036/14: Vilt 2014 - Skadefelling - Gås**

**DKU. 037/14: Motoferdsel i utmark og vassdrag 2014**

**DKU. 038/14: Gbnr. 56/263 - Byggsak - Bustadhus og garasje - Jan Vidar og Therese Smenes**

**DKU. 039/14: Gbnr. 56/181 - Byggsak - Tilbygg bustadhus - Eli Haugland**

**DKU. 040/14: Gbnr. 29/5 - Byggsak - Bustadhus - Utsleppsløyve - Ole Borgund**

**DKU. 042/14: Vedtak om vaksenopplæring for skuleåret 2014 - 2015**

**DKU. 044/14: Vilt 2014 - Skadefelling - Hjort**

**DKU. 045/14: Gbnr. 23/33 - Byggsak - Tilbygg - SFE produksjon**

**DKU. 046/14: RMP - Regionalt miljøprogram 2014 - For mykje utbetalt tilskot**

**DKU. 047/14: Gbnr.56/125 - Byggsak - Muring/oppfylling - Ola Hove**

**DKU. 048/14: Gbnr.56/244 - Byggsak - Heisplan - Dragebygg AS**

**DKU. 051/14: Gbnr.7/2 - Byggsak - Driftsbygning - Vigdis Bakkebø**

**DKU. 052/14: Søknad om endra skulestad**

**DKU. 053/14: Gbnr. 56/244 - Løyve til Seksjonering Selje Panorama - Kirkevegen eindom AS**

**DKU. 055/14: Gbnr. 56/264 - Byggsak -Lokal godkjenning - Byggmester Bjarne Krakereid**

**DKU. 056/14: Gbnr. 58/42 - Byggsak - Brannalarmanlegg Selje Eldretun**

**DKU. 057/14: Gbnr. 56/263 - Byggsak - Bustadhus og garasje - Lokal godkjenning - Byggmester Bjarne Krakereid**

**DKU. 060/14: Vilt 2014 -Skadefelling - Ramn**

**DKU. 061/14: Skadefelling - Vilt 2014**

**DKU. 062/14: Vilt 2014 - Skadefelling - Rev - Magnar Hatlenes**

**DKU. 063/14: Skadefelling - Vilt 2014**

**TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

**Handsaming i Driftsutvalet - 28.05.2014**

7 voterande

**KU-014/14 VEDTAK**

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	28.05.2014	015/14

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 14/298
---	----------------------	-----------------------------

## Referatsaker

### Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	14/1386	U	31.03.2014	Nordfjord Hamn IKS	Søknad om midlar til anlegging av flytebrygger/bølgedemparar - Borgundvåg
2	14/1728	I	27.03.2014	Statens vegvesen - Region vest	Svar - Søknad om særskild farstgrense Fv 618 Lesto - Selje sentrum
3	14/1827	U	10.04.2014	Den det måtte gjelde.	Referat, samarbeidsmøte, Selje kommune, fylkeskommunen og Statens vegvesen, 2.04.14
4	14/1866	U	15.04.2014	Statens vegvesen - Region vest	Fellesgrøft langs Kyrkjevegen - Fv 632, Klage på vedtak i skriv dat. 13.03.14, Ref. 2013/143595-003
5	14/1951	U	22.04.2014	stig.odegard@gmail.com (FLATRAKET KEBEL-TV)	Løyve til kryssing av kommunal veg- Fibernettverk - Flatraket
6	14/2058	U	25.04.2014	Statens vegvesen - Region Vest	Søknad og løyve til oppsetting av veglys langs Fv. 618
7	14/2375	I	09.05.2014	Norled	Fendring øya Selja
8	14/2404	U	12.05.2014	Norled	Fendring øya Selja
9	14/2380	I	09.05.2014	Foreldra ved Ytre Stad barnehage	Utsetjing av nedlegging av Ytre Stad barnehage

## **Tilleggsreferat:**

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

### **Handsaming i Driftsutvalet - 28.05.2014**

7 voterande

### **KU-015/14 VEDTAK**

Referat 1-9: Teke til vitande.

Samrøystes.





# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	28.05.2014	016/14
Kommunestyret	18.06.2014	

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Åshild Bruland	FE-590	14/156

## Helse og Omsorg - Regulativ for løn / Oppdragsavtaler støttekontakt / BPA / Omsorgsløn frå 01.01.15

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	I	15.05.2014	Åshild Bruland	Berekning løn Støttekontakt / Omsorgsløn / BPA

### Vedlegg i saka

Oversikt over t

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
15.05.2014	Berekning løn STØTTEKONT.OMS.LØNN OG BPA.xlsx	55993

Tildelte timar per d.d. for støttekontakt og brukarstyrt personleg assistanse (BPA), og for tildelt omsorgsløn, med budsjett for desse postane i inneverande år

### Saka gjeld

Fastsetjing av løn kva gjeld støttekontakter, brukarstyrt personleg assistent og omsorgsløn.

### Opplysningar til saka

Etter at Helse og omsorg overtok desse ordningane frå NAV- sosial har ikkje Selje kommune, Helse og omsorg, hatt eit oversiktleg og godt system for regulering av lønene til desse ulike ordningane.

- Støttekontakt - desse vert per i dag løna med kr 120,- per time.
- Brukarstyrt personleg assistent- her har det vore diskusjonar med oppdrags-takarar om kommunen skulle løne utifrå kompetanse og ikkje stillingsomtale.

- Omsorgsløn- desse har vore betalt ut som ein høg eller låg sats pr. mnd ,der omsorgstygnd har vore lagt til grunn for berekning (.kr 1650,-per mnd. låg sats og kr 3300,- per mnd. høg sats)

Når det gjeld omfang tildelte timar og tenester per i dag ,samt avsette budsjettmidlar 2014, *sjå vedlegg.*

Selje kommune må lage eit system som fastset løn og som er i tråd med regelverk og lønsutviklinga elles i kommunen.

Ifølge Helse og omsorgslova er kommunane forplikta til å ha desse tilboda til våre innbyggjarar.

### **Lover/regelverk**

Helse og omsorgslova Kap. 3 § 3-2 pkt. 6 b og § 3-8 *Støttekontakt og personleg assistanse*

Helse og omsorgslova Kap. 3 § 3-6 *Omsorgslønn*

### **Sakshandsamar si vurdering**

#### **Støttekontakt**

Etter ei rundspørjing i Nordfjordkommunane kjem det fram at dei fleste nyttar den lågaste satsen for stillingar utan særskilt krav om utdanning, som f.t. er kr. 136,- for løn til støttekontakt pr. time. Dersom personar under 18 år vert nytta som støttekontakt blir satsen regulert ned i høve Hovedtariffavtalen (HTA). Til personar yngre enn 16 år betalast 80 % av minsteløn og til personar mellom 16 og 18 år betalast 90 % av minsteløn.

#### **Brukarstyrt personleg assistent**

Når det gjeld løn til brukarstyrt personleg assistent blir desse løna som stillingar utan særskilt krav om utdanning, jf. Tabell i HTA.

#### **Omsorgsløn**

Omsorgsløn blir utlikt praktisert rundt om i kommunane.

Seniorrådgjevar Anne Gamme i KS tilrår at ein nyttar seg av same sats som til støttekontakt:

«Kva nivå ein skal legge seg på byggjer på ei samla vurdering av tal timar pr. veke. Ei landsomfattande undersøking viser at ein i gjennomsnitt fekk utbetalt for ca. 10 timar pr. veke. Dette gav ei månadsinntekt på kr. 5.700,-,( dvs. ca 136,- pr time.)

Dersom den som yter omsorga har ein særskilt kompetanse i høve dei faktiske behov, skal dette vurderast i høve auke i løn. »

### **Konklusjon**

Dersom vi føl desse prinsippa som skissert ovanfor, vil vi ha ei ordning som føl lønsutviklinga elles i kommunen. Det vil vere eit godt verktøy for fastsetjing av timeløn for framtida.

### **Saksgang**

Saka skal avgjerast av kommunestyret.

## **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Utifrå saksutgreiinga har vi følgjande tilråding, gjeldande frå 01.01.2015:

**Løn støttekontakt:** Følgjer lågaste trinn i tabell i HTA kva gjeld stillingar utan særskilt krav om utdanning, f.t. kr. 136 pr. time. Her bruker ein ikkje ansiennitetsstigen.

**Løn brukerstyrt personleg assistent:** Følgjer tabell i HTA kva gjeld stillingar utan særskilt krav om utdanning. Her bruker ein ansiennitetsstigen.

**Omsorgsløn:** Sats som støttekontakt. Her bruk ein ikkje ansiennitetsstigen. Dersom den som yter omsorga har ein særskilt kompetanse i høve dei faktiske behov, skal dette vurderast i høve auke i løn.

**Gjeld for alle ordningane** : Timetal blir regulert utifrå ei totalt vurdering av brukarane sitt behov, fatta i enkeltvedtak.

## **Handsaming i Driftsutvalet - 28.05.2014**

7 voterande

### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

## **KU-016/14 FRAMLEGG**

Som tilrådinga frå administrasjonen.



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	28.05.2014	017/14

Sakshandsamar Gry Otneim Leikanger	Arkiv FA-K40	Arkivsak 14/197
---------------------------------------	-----------------	--------------------

## Vilt 2014 - Fellingsløyve og fellingsavgift - Hjort

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
30	I	15.05.2014	Torbjørn Solvåg	Skadeløyve hjort og gås
27	I	19.05.2014	Karsten Solheim	Merknad til fellingsløyve sak 017/14
29	U	20.05.2014	Kåre Rundereim	Melding om vedtak - Vilt 2014 - Skadefelling - Gås
32	I	21.05.2014	Sigmund Rønning	Vilt 2014 - Skadefelling - Rev
34	U	22.05.2014	Torbjørn Solvåg	Melding om vedtak - Skadefelling - Hjort og gås
39	I	23.05.2014	Åge Nygård	Vilt 2014 - Skadefelling - Rev/gås
36	U	23.05.2014	Leif Magne Berge	Melding om vedtak - Skadefelling - Gås - Gbnr. 63/3
38	I	28.05.2014	Vigdis Helen Bakkebø	Vilt 2014 - skadefelling - Hjort
37	U	02.06.2014	Driftsutvalet	Vilt 2014 - Fellingsløyve og fellingsavgift - Hjort - Endring av vedtak
41	I	03.06.2014	Grim Austring	Sakdefelling

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
14.05.2014	Tildeling av fellingsløyver 2014.pdf	55989

### Saka gjeld

Tildeling av hjorteløyver for jakta 2014 og fastsetjing av fellingsavgift.

## Opplysningar til saka

I dei siste åra har det vore tildelt og felt følgjande antal hjort i Selje kommune:

År	Tildelt	Felt	Fellingsprosent
2003	294	204	69
2004	302	230	76
2005	306	223	73
2006	272	177	65
2007	276	198	72
2008	288	213	74
2009	330	254	77
2010	333	203	61
2011	311	187	60
2012	296	142	48
2013	174	95	55

Selje kommune hadde i 2013 fellingsgebyr på kr 300.- for vaksne og kr 150.- for kalv.

### Lover/regelverk

Viltlova med føreskrifter (Forskrift om forvaltning av hjortevilt).

### Sakshandsamar si vurdering

Viltforvaltninga i Selje kommune skal med heimel i Lov om jakt og fangst av vilt (viltloven) og Forskrift om forvaltning av hjortevilt *legge til rette for en lokal og bærekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene. Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.*

I dei siste åra har det vore ein større nedgang i hjortebestanden i Selje kommune.

Ved hjortejakta 2013 tildelte ein tilsaman 174 fellingsløyver. Dette var ein reduksjon på 122 løyver frå året før. Målet med ei slik redusert tildeling var å få ein betre balanse mellom bestanden og avskyting. 95 felte dyr i 2013, sett i forhold til 142 felte dyr i 2012, viser at hjortebestanden framleis er liten i Selje kommune.

Viltforvaltar har snakka med valdleiara og grunneigarar for å finne ut kva den låge avskytinga skuldast. Er det liten aktivitet i jakta, er det få dyr eller er det tildelt feil dyr? I tillegg vart det arrangert felles teljedag for alle valda i kommunen natt til 03.05.2014. Dette for å få eit betre tildelingsgrunnlag for hjortejakta 2014. Tidspunktet for teljinga var samanfallande med tidspunktet for siste teljing i Vanylven. Av dei til saman 45 hjortevalda i kommunen, var det 23 vald som gjennomførte teljing.

Vårteljinga synte at det er lokale variasjonar i kommunen. I den sørlege delen av kommunen er det meldt inn til dels store flokkar med hjort, medan det på Ytre Stadlandet framleis er lite dyr. Dette prøvar ein å ta omsyn til i tildelinga, ved at ein aktivt nyttar høvet til å fråvike minstearealet med 50 % jf. § 9 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

### Konklusjon

Det vert i 2014 tildelt 209 fellingsløyve der 55 er kalv, 56 er spissbuk, 44 er hanndyr og 54 er hodyr. Fordeling mellom hjortevalda går fram av vedlegg i saka.

Det vert tilrådd å halde på eksisterande fellingsavgift.  
Fellingsavgifta for hjort i Selje kommune vert for 2014 kroner 300,- for vaksne og kroner 150,- for kalv.

### **Saksgang**

Saka vert avgjort av Driftsutvalet.

Vedtaket kan påklagast den som er part i saka innan 3 veker etter at vedtaket er kome fram til parten/ -ane.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Det vert i 2014 tildelt 209 fellingsløyve der 55 er kalv, 56 er spissbukk, 44 er hanndyr og 54 er hodyr. Fordeling mellom hjortevalda går fram av vedlegg i saka.

Fellingsavgifta for hjort i Selje kommune vert for 2014 kroner 300,- for vaksne og kroner 150,- for kalv.

### **Handsaming i Driftsutvalet - 28.05.2014**

7 voterande

#### Utdelt i møtet:

Referat frå møte i Kulturlandskapsgruppa 15.05.14.

Brev til Driftsutvalet med fylgjande ny endra tilråding og oppdatert vedlegg «Tildelte hjorteløyver i Selje kommune i 2013 og 2014», dat. 27.05.15.

### **Ny endra tilråding frå administrasjonen:**

*Det vert i 2014 tildelt 195 fellingsløyver fordelt på 53 kalvar, 45 spissbukkar, 52 koller og 45 bukkar. Fordeling mellom hjortevalda går fram av nytt vedlegg i saka, datert 27.05.2014..  
Fellingsavgifta for hjort i Selje kommune vert for 2014 kroner 300,- for vaksne og kroner 150,- for kalv.*

### **Røysting:**

Ny endra tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

### **KU-017/14 VEDTAK**

Det vert i 2014 tildelt 195 fellingsløyver fordelt på 53 kalvar, 45 spissbukkar, 52 koller og 45 bukkar. Fordeling mellom hjortevalda går fram av nytt vedlegg i saka, datert 27.05.2014..  
Fellingsavgifta for hjort i Selje kommune vert for 2014 kroner 300,- for vaksne og kroner 150,- for kalv.

Samrøystes.

Utskrift til:  
Aktuelle partar i saka



# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	28.05.2014	018/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Gry Otneim Leikanger	FA-V18	14/57

## SMIL 2014 - Informasjon om sakshandsamingsfeil og tildeling av SMIL-midler

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
29	U	22.05.2014	Kulturlandskapsgruppa	Referat frå møte i Kulturlandskapsgruppa 15.05.2014
30	U	28.05.2014	Kulturlandskapsgruppa	Referat frå møte i Kulturlandskapsgruppa 23.05.2014 kl. 13.30

### Vedlegg i saka

Tabell over SMIL-søknadar skal leggst fram for Kulturlandskapsgruppa 15.05.2014 og vert ettersendt.

### Saka gjeld

Informasjon om sakshandsamingsfeil i samband med SAK 056/13.  
Tildeling av SMIL-midler etter søknadsfristen som var sett til 15.04.2014.

### Opplysningar til saka

Selje kommune er tildelt ei kommunal ramme for SMIL-midler på kroner 220.000,- og tilskot til drenering på kroner 40.000,- jf. brev frå Fylkesmannen datert 22.01.2014.

I andre halvdel av 2013 hadde Selje kommune ein gjennomgang av SMIL-tiltak med utgått arbeidsfrist. I samband med denne gjennomgangen vart det dratt inn ein del midlar som skulle omfordelast. Det vart utlyst ekstra søkerunde med søknadsfrist 14.10.2013 og det kom inn totalt 26 søknadar jf. SAK 056/13 med vedtaksdato 25.11.2013.

Søknadane vart handsama slik;



Søknad nr. 1, 8, 20, 21, 22, 23: Det er kome inn søknad frå dei fleste skulane og barnehagane i kommunen og alle hadde gode prosjekt jf. Strategiplan for spesielle miljøtiltak i landbruket. Ein har i denne søkerunden valt å tildele alle skulane og barnehagane som har søkt, kroner 9.000,-

Søknad nr. 3 og 19: Desse to søknadane skal stettast gjennom anna ordning. Sogn og Fjordane har fått 2,3 millionar kroner til dreneringstiltak i 2013. Fylkesmannen fordelar midlane til kommunane ut i frå behov og søknadspågang. Føremålet med tilskotsordninga er å auke kvaliteten på tidlegare drenert jordbruksjord. Tiltak der dreneringa både kan auke jordbruksproduksjonen og redusere faren for vassureining vert prioritert. Søknad om tilskot skal sendast til kommunen der dreneringsarealet ligg. Søknadsskjema fastsett av Statens landbruksforvaltning skal brukast, og grøfteplan med kart og miljøplan trinn 2 eller tilsvarende miljøinformasjon skal leggjast ved (jf.fylkesmannen.no)

Søknad nr. 12: Søknaden vert delt i to. 50 % av løyving vert tildelt i denne søkerunden, medan dei resterande 50 % vert tildelt i søkerunden våren 2014.

Søknad nr. 11, 15, 16,17 og 26: På grunn av stor søkemengde, vert søknadane overført til søkerunden våren 2014.

Søknad nr. 25: Fell utanfor SMIL-ordninga.

#### **KU-056/13 VEDTAK**

18 av totalt 26 søknadar vart stetta med tilsaman 367.030 kroner. 5 søknadar vert overført til søkerunden våren 2013. 2 søknadar vert stetta gjennom anna ordning, drenering og ein søknad fell utanfor SMIL-ordninga.

Samrøystes.

Etter vedtak i Driftsutvalet, skulle saka med vedtak og tabell for tildeling, sendast over til Fylkesmannen via BEST (sikker sending til Fylkesmannen). Dette vart gløymt av sakshandsamar.

Resultatet av denne feilen er at Fylkesmannen ikkje har vist om at Selje kommune har hatt ekstra søkerunde for tildeling av SMIL-midlar i 2013. Våre inndregne midlar på kroner 367.030,- vart difor ein del av den totale SMIL-ramma i fylket for 2014 og dermed mista Selje kommune midlane som var grunnlaget for 2.søkerunde i 2013.

Etter at sakshandsamingsfeilen vart oppdaga, tok sakshandsamar kontakt med naturforvaltar Truls Hansen Folkestad hjå Fylkesmannen. I e-post datert 30.04.2014, opplyste Fylkesmannen om at dei ynskte å hjelpe kommunen med ekstra midlar;

*Vi dekkjer tilskota til Dag Sverre Hoddevik og Sverre Leikanger, til saman kr 36 230, med midlar frå Utvalde kulturlandskap i jordbruket.*

*Vi sender også saldokort på desse og kommunen kan følgje dei opp på same vis som andre SMIL-saker.*

*Vidare tildeler vi kr 120 000 i ekstraramme til Selje kommune i år.*

*Vi føreset samtidig at kommunen utset handsaming av årets søknader ein stund, inntil de har fått avklart om de får inn ein del midlar gjennom inndraging.*

*Kommunen har framleis ein del eldre saker som kan inndragast.*

*Inntil dette er avklart har kommunen ei ramme på til saman kr 340 000 i år. Dette skal dekkje både sakene frå i fjor haust (minus dei to sakene ovanfor) og nye søknader i år.*

## **Lover/regelverk**

Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket av 4.februar 2004.

Statens Landbruksforvaltning, Rundskriv 07/2005.

Selje kommune, KU 112/08 og KS 071/08.

Årlege retningslinjer utarbeida av kulturlandskapsgruppa.

Forvaltningslova av 10-02-1967.

Naturmangfoldloven, LOV-2009-06-19-100

§ 1. (lovens formål)

*Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.*

Naturmangfoldloven §§ 8-12 omfattar prinsipp for offentlig myndigheitsutøving ved enkeltvedtak og fastsetting av føreskrifter som også m.a inkluderar tildeling av tilskot (jf. veileder til Naturmangfoldloven). Handsaming av SMIL-ordninga vil i hovudsak bli handsama etter desse kapitla.

## **Finansiering**

Tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL).

## **Sakshandsamar si vurdering**

Sakshandsamingsfeilen i SAK 056/13 får dessverre konsekvensar både for søkjarane i 2.søkrunde som på grunn av stor søknadsmengde vart overført til søkerunden våren 2014, for søknad nr.1 frå 1.søkerunde i 2013 som vart oversendt til Fylkesmannen for vurdering etter ordninga om organisert beitebruk og for dei søknadane som er komne inn til fristen 15.04.2014. Desse søknadane må sakshandsamar freiste å finne midlar til ved å dra inn midlar frå prosjekt med utgått arbeidsfrist.

## **Konklusjon**

I samsvar med e-post frå Fylkesmannen datert 30.04.2014, utset Selje kommune handsaminga av søknadane for denne søkerunden. Sakshandsamar skal fylgje opp påbegynt arbeid i 2013 ved å dra inn midlar frå saker med utgått arbeidsfrist og handsame søknadane så snart ein har fått oversikt over disponible midlar.

Dei som vart tildelt midlar i SAK 056/13 får utbetalt løyving som normalt, anten som delutbetaling eller etter fullført prosjekt. Dette fordi Fylkesmannen ynskjer å hjelpe oss med ekstra midlar i tillegg til kommunal ramme for 2014.

## **Forholdet til anna lovverk**

Løyving av tilskot fører ikkje til at tiltaket er godkjent utifrå anna lovverk enn SMIL-føreskrifta. Før arbeidet vert starta opp, er det viktig at den som har ansvaret for prosjektet, gjer seg kjend med aktuelle lover og føreskrifter for området. Det kan til dømes vere gjerdelova, beitelova, plan- og bygningslova, kulturminnelova og naturvernlova, naturmangfoldlova og vassressurslova.

### **Utbetaling**

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane betalar ut tilskotet etter at utbetalinga er godkjend av Selje kommune. Det må ligge føre ei skrifteleg melding frå søkjar, og vilkåra for å ta imot tilskotet må vere fylgde opp.

Tilskotet kan betalast ut når tiltaket er gjennomført. For tilskot over 10.000 kroner, kan det gjerast delutbetaling etter kvart som tiltaket vert gjennomført. Minst 25 % av tilskotet vert halde attende til heile tiltaket er fullført, og det ligg føre ferdigattest og endeleg rekneskap godkjend av Selje kommune.

### **Kontroll**

Selje kommune skal fylgje opp og føre kontroll med tiltaka som får tildelt tilskot. Den som har teke imot tilskot, må gje dei opplysningane det vert sett fram krav om, for at kommunen, Fylkesmannen, Statens Landbruksforvaltning eller Riksrevisjonen skal kunne føre naudsynt kontroll med at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane.

### **Tilbakebetaling og motrekning**

Vedtak om tildeling av tilskot kan gjerast om og utbetalt tilskot kan krevjast betalt tilbake heilt eller delvis, dersom det vert oppdaga forhold som er i strid med det som var føresetnaden for løyvinga.

### **Arbeidsfristar**

Eingongstiltak skal vere gjennomført innan fastsett arbeidsfrist jf. Forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket.

### **Saksgang**

Driftsutvalet gjer vedtak.

### **Klage**

Vedtak etter SMIL-forskriftene har klagerett etter Forvaltningslova av 10.februar 1967. Klagefristen er 3 veker frå melding om avgjerd er komen fram. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er klageinstans og klaga skal sendast til Selje kommune.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Selje kommune utset handsaming av SMIL-søknadar for våren 2014.

Søknadane skal handsamast etter at arbeidet med gjennomgang av saker med utgått arbeidsfrist er fullført.

### **Handsaming i Driftsutvalet - 28.05.2014**

7 voterande

### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

**KU-018/14 VEDTAK**

Selje kommune utset handsaming av SMIL-søknadar for våren 2014.

Søknadane skal handsamast etter at arbeidet med gjennomgang av saker med utgått arbeidsfrist er fullført.

Samrøystes.

Utskrift til:

Aktuelle partar i saka



# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	28.05.2014	019/14
Formannskapet	10.06.2014	
Kommunestyret	18.06.2014	

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Monika Sjøstad	FE-150	13/459

## Budsjett 2014 - Rapportering 1.tertial

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
24	U	14.05.2014	Budsjettansvarlege	Budsjett 2014 - Rapportering 1.tertial

### Vedlegg i saka

### Opplysningar til saka

## Rapport 1.tertial 2014 frå tenesteleiarane

\*) Tala for rekneskap 2012 og rekneskap 2013 er ekskl meirverdiutgift sidan ein frå 2014 har både mvautgifter og mvainntekter på eininga og ikkje på finansområdet slik som tidlegare.

## POLITIKK OG SENTRALADMINISTRASJON

Tenesteeining	Rekneskap 2012*	Rekneskap 2013*	Budsjett 2014
Politikk	2 317 830	2 276 109	1 962 000

### Tiltaks- og konsekvensanalyse

Tiltak	Kostnadsreduksjon/-auke	Konsekvens	Tiltak gjennomført / planlagt gjennomført når
Gjennomgang godtgjersle m.m, sjå k-sak 11/14. Politisk grupper er valt til arbeidet.	Reduksjon 108.000	Tiltak må gjennomførast for at ramme på 1.962.000 kan haldast. Medfører svært knappe ressurser til politisk arbeid	k-styret 18.6

Tenesteeining	Rekneskap 2012*	Rekneskap 2013*	Budsjett 2014
Rådmann	1 785 691	1 694 469	1 434 000

### Tiltaks- og konsekvensanalyse

Tiltak	Kostnadsreduksjon/-auke	Konsekvens	Tiltak gjennomført / planlagt gjennomført når
I k-sak 11/14 er det skissert tiltak på kr. 60.000 for å halde budsjettet. Ikkje budsjettert sjukepengerefusjon vil dekke denne summen.		Ingen endring på budsjettet. Ny vurdering før 2. budsjettjustering.	

Tenesteeining	Rekneskap 2012*	Rekneskap 2013*	Budsjett 2014
Kommunalsjefar/Stab	2 404 624	2 384 749	2 550 000
IKT-avdeling	3 172 767	2 875 693	1 950 000

Intern omplassering pågår, m.a til kommuneplanarbeid. Ein må då bruke av avsette midlar til planarbeid. Sjukepengerefusjon kjem i tillegg. Ingen endring på desse einingane. Ny vurdering før 2. tertial.

Tenesteeining	Rekneskap 2012*	Rekneskap 2013*	Budsjett 2014
Servicekontoret	4 729 492	4 581 780	4 450 000

### Abonnement og faglitteratur

I 2013 lå vi inne med et budsjett på 70 000 på abonnement og faglitteratur, hvorav kr 69 694 var regnskapsført samme år. Servicekontoret har betalt for kommunehuset sitt samlede forbruk av abonnement. I år ble det lagt inn et budsjett på 20 000 noe som tilsvarer 50 000 mindre enn året før. Alle er restriktive av bestilling av faglitteratur, et avis abonnement er sagt opp, slik at man pr. dags dato må dele på avisene mellom 2.etg og 3.etg.

Det det derimot ikke er tatt høyde for er at Abonnementet til KF personal (Kommuneforlaget) som bare alene kommer på 29.000 kr (for 3. etg). Budsjettet er dermed oversteget allerede etter noen få måneder og er med andre ord ikke realistisk. KF personal er den kilden personal/lønn bruker for å oppdatere seg på lover/regler og endringer. Merbehov kr 30 000.

### Programvedlikehold/oppdateringer

Ønsker å melde inn behov for større budsjett for 2014 for oppdateringer/programvedlikehold. Vi skal i lag med de andre Nordfjordkommunene oppgradere sakssystemet Acos-WebSak for å støtte de nye kravene til Nork 5 kjerne (kravspek for Elektroniske journalsystem i statsforvaltninga), innen høsten 2014. Det medfører en del kostnader som det ikke er budsjettet for. Det er ennå usikkert hva den faktiske kostnaden blir, samt fordelingsnøkkelen for kommunene i Nordfjordsamarbeidet. Men siden det er en større oppgradering må vi medregne en større sum. Det er hjemlet i lov at vi må bruke de systemene som til alle tider er godkjente og har derfor ikke noe valg i forhold til oppgradering. Dette vil også støtte de krav DIFI setter for digital kommunikasjon med innbyggerene, gjennom svar UT funksjonen.

### Annet:

Servicekontoret bærer mange av felleskostnadene på kommunehuset, noen blir fordelt i løpet av året andre blir stående. En del av fakturaene kommer inn på ny året og vil ikke bli fordelt før på slutten av året, dette er årsaken til at enkelte poster kan se noe store ut for eksempel: telefoni.

Kva:	Budsjett 2014	Totalt behov	Mangl. finansiering /til fordeling
Abb/faglitteratur	20 000	50 000	30 000
Programvedlikehold oppdateringer	15 000	55 000	40 000
<b>Sum Servicekontoret</b>			<b>70 000</b>

## OPPVEKST

Tenesteeining	Rekneskap 2012*	Rekneskap 2013*	Budsjett 2014
<b>Fellestenester oppvekst</b>	612 833	706 624	936 000

### Vaksenopplæring

Selje kommune har samarbeidsavtale med Vågsøy kommune om vaksenopplæring av vaksne innvandrere. Staten yter tilskot til slik opplæring. Tilskotet frå staten kjem inn gjennom budsjettåret. Etter avtale, overtek Vågsøy 75% av statstilskotet ved årsslutt. Dette ansvaret vil variere sterkt frå år til år då inntektene avheng av tal og kategori elevar. I tillegg har Selje kommune nokre eigne mottakarar av lovpålagd vaksenopplæring. Rekneskapet vil ut frå dette syne eit stort overskot heilt fram til årsslutt og overføringa til Vågsøy kommune. I

justeringane/kutta i februar, har rådmann auka inntektene. Det er pr dato difor uråd å seie om desse budsjettetrammene vil halde (overskot).

### Symjeopplæring

Utgiftene blir bokførde etappevis grunna leigeutgifter til ulike tider av året. Vi forventar at budsjettet skal halde.

### Fellestenester oppvekst

Ein stor del av utgiftene er knytt til fellestenester i regionen med oppgjær ved årsslutt. Desse utgiftene er knytt til avtalar mellom nordfjordkommunane, og kan ikkje utan vidare endrast. I dette budsjettet ligg også undervisning og spesialundervisning av gjesteelevar i andre kommunar. Slike utgifter kan variere i storleik frå år til år (sakkunnige tilrådingar/vedtak). Her er noko som skal utliknast mot bruk av fondsmidlar. Det vart kutta mykje i framskrive budsjett. Det er dermed uvisst om budsjettetrammene vil halde.

### Ungdomskoordinator/MOT

Rammene er svært stramme, og det vert gjort tiltak for å redusere aktiviteten etter desse.

Tenesteeining	Rekneskap 2012*	Rekneskap 2013*	Budsjett 2014
Selje skule	16 401 787	16 182 302	16 400 000

Selje skule ser no resultat av at rammene til ordinær drift er svært trange. Vi har motteke fleire søknader om spesialundervisning siste tida, og vi har elev som vel opplæring etter § 2-6 i Opplæringslova; opplæring i teiknspråk. Vi kjenner i dag ikkje sakkunnig uttale/ressursauken dette vil medføre. Det er også i mai 2014 varsla ønskje om morsmålsopplæring for to elevar, som vi ikkje har teke høgde for i budsjett 2014.

Selje skule ser ut til å ligge på eit overforbruk, fordi vi skal ta inn det aller meste av innsparinga frå og med august. Då går fleire av med pensjon/ vi kan legge om timeplanen. Om vi no med ei tilleggsøyving på 200 000 (kommunestyret april 2014) kan greie å halde budsjettet 2014, er usikkert. Det er ein del negative reaksjonar frå personal og foreldre grunna kraftige reduksjonar. (Mistru til om alle einingar har det like trongt?) Usikkert med refusjon for student på hausten.

### Tiltaks- og konsekvensanalyse

Tiltak	Kostnadsreduksjon/-auke	Konsekvens	Tiltak gjennomført / planlagt gjennomført når
Reduksjon i 196,15%-lærarstilling frå august-14	Reduksjon 365 000	Samanslåing av klasser utover tilråding frå dep. Ingen delingstimar for å kunne støtte elevane ekstra, t.d. i ungdomsskuleklasser på 23, 26 og 28 elevar. <b>Vesentleg redusert kvalitet på undervisningstilbod til elevane ved Selje skule.</b>	August 2014



		<b>Vesentleg auka arbeidspress for dei tilsette ved skulen.</b>	
Rekne 50% kontorhjelpe inn i den pedagogiske admressursen til skulen.		Meir undervisning på rektor: 35% mot 15 % tidlegare.	Sett i verk.
Redusert vikarbruk/ vakante stillingar		Auka arbeidspress/ redusert kvalitet. Sende heim elevane.	Sett i verk.
Kutte leksehjelpe frå august og halde fram utan Frukt og grønt-ordning.		Lovbrot	Delvis sett i verk (elevane får sjeldan frukt)

Kva	Budsjett 2014	Behov	Mangl. finansiering /til fordeling
Spesialundervisning Morsmålsopplæring Opplæring §2-6.		Ukjent sum pr i dag	Ukjent sum pr i dag. Tek att ved 2.tertial

Tenesteeining	Rekneskap 2012*	Rekneskap 2013*	Budsjett 2014
Stadlandet oppvekstsenter	15 353 152	14 786 952	14 930 000

#### Stadlandet oppvekstsenter – avdeling skule,

Skulen fekk pålegg om å spare 579 000 kr. I tillegg har vi redusert budsjettramman med 399 000 kr. Dette på grunn av innsparingar i løpet av vårhalvåret og resultatet i 2013. Rektor vil sterkt understreke at vi no er under det vi meiner er eit minimum av nødvendige ressursar for å kunne drive ein god skule for alle elevar.

#### Tiltaks- og konsekvensanalyse

Tiltak	Kostnadsreduksjon/-auke	Konsekvens	Tiltak gjennomført / planlagt gjennomført når
20% kutt i adm		Arbeidsoppgåver som ikkje er lovpålagte, må kuttast ut.	01.08.14
99% kutt lærar		Samanslåing av grupper, dårlegare tilbod til elevar	01.08.14
20% kutt merkantilt		Meir arbeid på adm, ubetent mottak/sentralbord 1 dag pr veke. Er i tillegg pålagt å ta seg av folkebibl sin filial på Stad.	01.08.14
38% kutt assistent			01.08.14
<b>Samla innsparing</b>	579 000		

### Rektor sine merknader:

- Det vert nesten umogleg å spare på utvikariering utan å sende heim elevar. Dette fordi vi allereie har slått saman grupper i stor utstrekning.
- Elevar med spesialundervisning har rett på vikar dersom fast lærar/assistent er borte. Det er gjort enkeltvedtak om tal årstimar.
- Belastninga på kvar tilsett vil auke.
- Kutt i lærarressurs krev auke i gode læremiddel. Dette gjeld særleg der klassetrinn er slått saman og der ein må gi tilpassa opplæring/særleg tilrettelegging for elevar som treng det og som ikkje har spesialundervisning. Vi treng gode tilleggsbøker, tilgang til digitale læremiddel (og datautstyr som fungerer), konkretiseringsmateriell. Det er ingen ting å spare på lærebøker og undervisningsmateriell.
- Alle forbrukspostar er så nedkutta at det ikkje er meir å spare her.
- Alle elevane frå Ytre Stad skal ha skuleskyss. Rektor ser at budsjettet for skuleskyss blir knapt, men veit enno ikkje kor mykje vi vil mangle. Dette får vi vite i samband med tilbodet frå billaget. Rektor vil melde tilbake i samband med rapport etter 2. tertial.
- To nye elevar er tilmeldt til PPT. Dersom det etter testing vert søkt om spesialundervisning og PPT konkluderer med at elevane ikkje har utbytte av den ordinære undervisninga og må få spesialundervisning, vil vi få problem med å halde oss innanfor budsjetttrammene. Rektor melder tilbake i samband med 2. tertial.

### Stadlandet Oppvekstsenter - avdeling Leikvang barnehage.

Syner til tidligare informasjon om budsjettet for 2014, jamfør kommunestyresak i april.

Med den informasjonen vi har i dag, ser det ut til at vedtekne budsjetttrammer skal halde.

Tenesteeining	Rekneskap 2012*	Rekneskap 2013*	Budsjett 2014
Flatraket skule	5 262 915	5 031 544	5 000 000

Rapport pr 31.03.14 syner eit overforbruk lønn på 29,1 % (budsjettgrense 27,27%) og eit totalt forbruk på 28,06% (budsjettgrense 24,99%) Desse tala er *før* den ekstra tildelte ramma frå 28.04.14. Ein reduksjon av minimum 30% pedagog og 40 % assistent frå 1.aug 2014 vil eg kunne klare å halde meg innanfor den *nye tildelte ramma*, **under føresetnadar at eg:**

- Ikkje kan bruke vikar, noko som vil seie at alt fråvær skal dekkast innanfor skulen si ordinære bemanning. Det betyr samanslåing av grupper, elevar misser timar til spesialundervisning og assistenttimar fell bort.
- Ved å reduserer bemanninga kommande skuleår misser eg personale, som vel å gå over i andre jobbar i andre kommunar. Dersom eg ser dette i eit langtidsperspektiv, vil eg få inn elevar med ulike behov for ekstra ressursar dei kommande åra. Dette vil medføre at eg må auke bemanninga att. For Flatraket skule sett under eitt, hadde den beste løysinga vore å behalde eksisterande bemanning, for å kunne ivareta alle elevane. Både dei som allereie har starta ved skulen, men også dei som kjem dei neste åra. For å kunne halde meg innanfor budsjetttramma, vert eg tvinga til å seie opp tilsette/ikkje tilby vidare jobb.

**Eit tilbakeblikk:** Rekneskapen for 2013 synte eit lite mindreforbuk. Dette skuldast to faktorar: For det første måtte eg bruke så lite som mogeleg av driftsutgifter frå starten av 2013, då lønsbudsjettet i utgangspunktet var svært underbudsjettet. Eit overskot på drift kunne då evt dekke underskotet på lønn. I februar fekk eg ei oppseiing, og kunne dermed tilsetje i lågare stilling enn det eg hadde. Dermed fekk eg ei lita innsparing der. I tillegg hadde eg ein lærar i vikariat, og ved skulestart 2013 kunne eg lyse ut ei endå mindre stilling, og dermed meir innsparing. Minstenorma for bemanning var skulen då for lengst under. For det andre kom kjøpestoppet 2. oktober 2013. Eg hadde på det tidspunktet ei liste med små og store innkjøp som eg skulle gjere mot slutten av året, dersom eg såg at lønsrekneskapen ikkje gjekk mot eit overforbruk. (Dette sto også i 2. tertialrapport 2013.) Etter kvart synte rekneskapen at lønsbudsjettet ville gå i balanse på grunn av nedbemanninga eg hadde gjort i løpet av året, og at eg dermed kunne gjere dei innkjøp av materiell og utstyr som eg trengde. Dette fekk eg midlertidig ikkje gjort pga innkjøpsstopp oktober 2013. Eg valde sjølvsagt å vere lojal mot pålegget frå Rådmannen.

Ved årets slutt mangla eg fortsatt bøker og materiell for kommande år. Dette gjeld blant anna lærebøker i samfunnsfag, naturfag og RLE på mellomtrinnet. Etter besøk frå bedriftshelsetenesta er vi blitt oppmoda på det sterkaste om å kjøpe nye kontorstolar til personalet. Stolane har store manglar, som til dømes stødige ryggstøtte. Vi manglar materiell til forming, og kunne til dømes ikkje arrangert juleverkstad i 2013 dersom FAU ikkje hadde betalt for det materiellet vi trengde. Flatraket skule driv med eit minimum av utstyr, og behovet for innkjøp er fortsatt like stort, til tross for eit overskot i 2013.

- Budsjettet 2014 gjev liten mogelegheit til innkjøp av bøker og utstyr, noko som betyr at vi manglar lærebøker, materiell, kopimaskin, kontormateriell, kontormøblar og liknande for skuleåret 2014-2015.

#### Tiltaks- og konsekvensanalyse

Tiltak	Kostnadsreduksjon/-auke	Konsekvens	Tiltak gjennomført / planlagt gjennomført når
Reduksjon ca 40 % assistent og ca 30 % pedagog.	Ca 80.000,-	Ingen timar til gruppedeling, færre assistentimar generelt på enkeltelevar.	1.august 2014

Tenesteeining	Rekneskap 2012*	Rekneskap 2013*	Budsjett 2014
Selje barnehage	4 350 623	3 779 283	3 950 000

Det er mange poster jeg ikke har oversikt over – dvs det er ikke blitt brukt noe pr i dag. Det er pga innkjøpsstopp vi har. Men jeg merker at lagrene begynner å bli tomme. Det blir sikkert innkjøp på disse poster.

Også er det enda litt usikker hvor mye bemanning jeg har til høsten og hvor mye ansiennitet personale har, med hensikt til fast løn. Jeg må redusere med ca. 100 % stilling.

## Tiltaks- og konsekvensanalyse

Tiltak	Kostnadsreduksjon/-auke	Konsekvens	Tiltak gjennomført / planlagt gjennomført når
Kommunale avgifter	Auke 8 000	Stor kostnad av kommunen frå 2013 – faktura kom først nå. <i>For å kunne dekke disse utgiftene, måtte jeg ta av en annen post og øke kostnadene tilsvarande. Økte opp med litt meir, så at eg har litt igjen til høsten også.</i>	
Sjukevikarer	Auke 42 000	Når Personale er sjuk må jeg sette inn vikar, fordi vi er akkurat bemannet. Setter jeg ikke inn noen går det utover ungene og sikkerhet.	
Vikar ved ferie	Reduksjon 62 000	Siden det er 4 veker fellesferie om sommeren, er det ikke så mye behov for vikar ved ferie	
Sjukelønsrefusjon	Reduksjon 60 000	Pga av langtidsjukemelding i våren har jeg fått inn mye mer sjukelønsrefusjon.	
Fast løn	Auke 69 700	Ser at jeg har allerede brukt 51% i våren på denne posten.	

Tenesteeining	Rekneskap 2012*	Rekneskap 2013*	Budsjett 2014
Flatraket barnehage	3 637 759	3 454 210	3 550 000

Når det gjeld tiltaka vil det føre til utarming både på personalsida og på materiell/utstyr sida. På lønn fører dette til at det tilbodet barna får vert dårlegare og på grensa i forhold til sikkerhet og innhald , det vil og verte ekstra belastning på personalet. Dette vil gjere seg ekstra utslag på hausthalvåret då vi lar vere å tilsette i ei 100% stilling som er ledig – altså har vi skore bemanninga med 140 % i løpet av året – dette vil vi merke.

Både i 2012 og 2013 brukte vi omtrent alt av midlar som var på forbruk og utstyr til lønn for å klare budsjettet – her har vi eit etterslep med tomme lager og utslitt leikemateriell som vert berre større og større for kvart år som går.

Det er enno mykje som er usikkert i forhold til om vi klarer å halde budsjettet vårt . Vi skal tilsette ein ny pedagogisk leiar som vi ikkje veit kva kostar, vi veit heller ikkje kva utfordringar vi får i forhold til ny barnegruppe oppstart august 2014 – o.s.v. Vi har barn med alvorlege diagnosar som vi MÅ passe på blir ivaretatt – her må vere nok folk til det ! Vi gjer vårt beste og vurderer heile tida det vi gjer opp mot økonomi.

## Tiltaks- og konsekvensanalyse

Tiltak	Kostnadsreduksjon/-auke	Konsekvens	Tiltak gjennomført / planlagt gjennomført når
<b>LØNN :</b> Tatt vekk 80 % førskulelærer stilling + 20 % pedagogisk leiar frå 01.08.14	Reduksjon 200 000	Mindre bemanning – går ut over tilbudet som barna får og slitasje på personale.. Avhengig av å sette inn vikar når nokon er borte. Sikkerheta minkar.	<b>01.08.14</b> Er tatt med i det opprinnlege budsjettet for å klare ramma
<b>LØNN :</b> Tatt vekk 40 % pedagogisk leiar	Reduksjon 100 000	Mindre bemanning - går ut over tilbudet som barna får og slitasje på personale. Avhengig av å sette inn vikar når nokon er borte	<b>01.03.14</b> Er tatt med i det opprinnlege budsjettet for å klare ramma
<b>FORBRUK/MATERIELL :</b> Ikkje kjøpe inn anna enn det som er heilt nødvendig – må det for å halde ramma	Ikkje stipulert Reduksjon 40 000 ?	Ikkje kjøpe inn anna enn det som ein absolutt mål. Tomme lager og ingenting å hjelpe seg med.	<b>01.01.14</b>

Budsjett 2014	Behov	Mangl. finansiering/til fordeling
Usikker – har ikkje heilt oversikt over hausten med nye barn og nye vaksne enno.		

## HELSE OG OMSORG

Tenesteeining	Rekneskap 2012*	Rekneskap 2013*	Budsjett 2014
NAV Sosial	2 034 236	2 323 357	2 100 000

NAV Selje ser ikkje behov for tilleggslyving på 1 tertial. Likevel er det grunn for å melde frå om at det talar for at det blir auke i utbetaling av økonomisk sosialhjelp. Vi har for 2014 budsjettet med kr 400 000 medan det i 2013 blei utbetalt over kr 600 000 i økonomisk sosialhjelp.

Selje har pr tiden i Sogn og Fjordane den største arbeidsledigheta i prosent på 6,2. I tillegg til høg arbeidsløyse har Selje høgt sjukefråvær i heile kommuna. Finn det høveleg å orientere om dette då lediggong og reduksjon/bortfall av ytingar kan medføre auke i søknader som vedkjem økonomisk sosialhjelp.

Tenesteeining	Rekneskap 2012*	Rekneskap 2013*	Budsjett 2014
<b>Familie og velferd</b>	6 078 860	6 242 182	6 350 000

Familie og velferd leverte konsekvensjustert budsjett for 2014 på kr. 6 435 000,- Etter vedtak i kommunestyret i februar (KS-011/14) fekk vi eit kutt på kr. 235 000,- som gav oss eit budsjett på kr. 6 200 000,- Kommunestyret sitt vedtak KS-017/14 fekk Familie og velferd kr. 150 000,- Familie og velferd har no eit budsjett på 6 350 000,-

Det er ikkje gjort kutt i PPT sitt budsjett. Dette er av to grunnar: Vedtaket i kommunestyret 28.04.14 skulle sikre at det ikkje blei kutt i PP-tenesta. I tillegg er alle utgifter knytt til tenesteleiarfunksjonen lagt til PPT sitt budsjett, som er stramt i utgangspunktet.

Kommentar om utfordringar for Familie og velferd med eit konsekvensjustert budsjett:

Budsjettet for 2014 er konsekvensjustert, altså sett opp etter drifta i 2013. Eksisterande tiltak i barnevernet blir evaluert jamleg. Når det må setjast i verk nye tiltak, som i dette tilfellet, er det ikkje dekning for dette i eksisterande budsjett. Det betyr at vi treng friske midlar, og dette må dekke 100 % av innmeldt behov.

Når ein vel å ha eit konsekvensjustert budsjett, må kommunestyret ha avsett tilstrekkeleg midlar til dekking av utgifter knytt til nye vedtak om for eksempel akutt plasseringar og fosterheim plasseringar etter vedtak i fylkesnemnda, eller til nye rettssaker. Barnevernet kan ikkje dekke dette innanfor eige driftsbudsjett.

Eg kan melde om at det sannsynlegvis vil bli snakk om fleire plasseringar i 2014, og at dette vil bli rapportert til rådmann og politisk nivå så raskt som råd.

**1.tertial for Familie og velferd**

Tala som er oppgjeve her, er etter periode 1-3, då vi manglar oversikt for periode 1-4. Familie og velferd har eit forbruk på løn på 25,9 % (budsjettgrense 27, 27). Det er nokre utbetalingar for støttekontakt barnevern som ikkje er innkomme enno, så eg meiner vi ligg omtrent på det vi skal. Forbruket for Familie og velferd er 26,73 % (budsjettgrense 24,99). Manglande refusjon frå staten til barnevernet er ikkje registrert enno, så det er forventa balanse også på dette.

Det som blir ei stor utfordring er korleis nye kostnadskrevjande tiltak i barnevernet blir dekkja! Eg meiner at kommunen må ha midlar avsett til nettopp dette formålet, for slike tiltak kjem garantert frå tid til anna. Selje kommune har i mange år hatt lite utgifter på plassering av born i fosterheimar og til rettssaker. Det er naturleg å vente at slike saker kjem, med påfølgjande utgifter. Eg ber om at det politiske miljøet tek dette innover seg, og set av midlar til dette formålet. Dei friske midlane må dekke kostnadane fullt ut, elles blir det ikkje ei føreseieleg drift og personalsituasjon i barnevernet.

På grunn av ei ny plassering av born på institusjon, tildelt av BUF-etat, må Familie og velferd, barnevernstenesta, få tildelt kr. 387 250,- i friske midlar.

### Tiltaks- og konsekvensanalyse

Tiltak	Kostnadsreduksjon/-auke	Konsekvens	Tiltak gjennomført / planlagt gjennomført når
Sal av tenester til andre kommunar (miljøterapeut)	Reduksjon 22 000	Reduksjon i eiga teneste ansvar 415, teneste 251.	jan-des. 2014
Kutt i drift helsestasjon	Reduksjon 22 000	Mindre midlar til opplæring/innkjøp og liknande.	f.o.m. mai 2014
Vi har i tidlegare budsjettjustering kutta i drift	Reduksjon 41 000	Mindre midlar til opplæring/innkjøp og liknande.	f.o.m. april 2014

Budsjett 2014	Behov	Mangl. finansiering /til fordeling
6 350 000	6 737 250	kr. 387 250,-

Tenesteeining	Rekneskap 2012*	Rekneskap 2013*	Budsjett 2014
Sjueheimen	20 030 859	18 911 241	19 543 000

### Sjueheimen

Seljetunet Omsorg og Rehabilitering greier no å halde ramma. Tiltak er sett i verk for å redusere utgifter (sjå under). Ei stor utfordring er at sjukefåværet har auka, samanlikna med tilsvarende tal frå 2013. Vi reduserer innleige, men belastninga vert større for dei som er på jobb. Vi nyttar vikarbyrå i permisjonsstillingar. I ferieavviklinga vil vi nytte byrå for å dekke inn naudsynt sjukepleierkompetanse. Vi har oppretta dagavdeling for demente frå 01.05.2014. Vi får ny ordinær lærling (helsefagarbeider) frå august.

### Tiltaks- og konsekvensanalyse

Tiltak	Kostnadsreduksjon/-auke	Konsekvens	Tiltak gjennomført / planlagt gjennomført når
Redusert tid til rapportoverlapping 3,35 t/v	Reduksjon: 50 000	Meir effektiv rapport. Personalet må nytte "stille rapport" (lese journal på data). Viktig informasjon blir ikkje formidla munnleg til neste vakt.	Gjennomført frå 24.02.14
Utgifter til dekking av 3-delt snitt	Auke: 50 000	Kostnadsreduksjonen ved redusert tid til rapportoverlapping går med til å dekke utgiftene ved 3-delt snitt (ekstra kompensasjon ved å gå i 3-delt turnus)	
Redusere innleige av vikarar ved fråvær (i snitt 6t x 1 dag	Reduksjon: 120 000	Færre personal på jobb. Meirarbeid og tyngre belastning	2014

pr veke)		på dei som er på jobb. Kan medføre auka sjukefråvær.	
I revidert budsjett er fastløna som skulle dekke 3-delt snitt teke vekk	Reduksjon: 50 000	Dette er allereie gjort i revidert budsjett, men fastløna har no for høgt forbruk (38%)	2014
Ny ordinær lærling	Auke: 50 000	Viktig å ta inn unge lærlingar for å rekruttere naudsynt kompetanse	Frå 18.08.2014
Brukebetaling	Reduksjon: 60 000	Forventar mindre brukarbetaling i 2014 då eit langtidsrom vert omgjort til avlastningsrom for demente	Frå 01.06.2014
Inntekt frå prosjekt demens	Reduksjon: 60 000	Dagavdelingsprosjektet skal betale husleige tilsvarande tapet av brukarinntekt	Frå 01.06.2014

### Felleskjøkken

Det vert vanskeleg å halde budsjettramma for 2014. (Sjå forklaring under.) Kjøkkenet har eit urovekkande høgt sjukefråvær til no i år. Fleire tiltak er sett i verk/skal setjast i verk. Kjøkkenet er for lite og for trangt til noverande produksjonsmetode. Dette er vanskeleg å få gjort noko med innafør dei areala som er til disposisjon.

#### Grunngjeving:

Felleskjøkken har pr i dag ei for lav budsjettramme og vil ikkje med dagens drift greie å halde ramma. Resultat for rekneskap i 2013 var 2 341 196, medan budsjettramma for 2014 er på 1 957 000. Ber difor om at ramma vert auka med kr 165 000,- Dette må tilførast i form av friske midlar.

Reduksjon av utgifter til mat: Eit av måla er å få ned utgifter til mat med kr 100 000,- Utgiftene er redusert hittil i år samanlikna med tal frå 2013, men inntekta på matsal er redusert tilsvarande, slik at vi til no ikkje har oppnådd noko enno.

Forbruksmateriell: Denne posten må aukast, då det er vanskeleg å redusere pga pakke-metoden ein nyttar ved kjøkkenet. Erfaringsbaserte tal frå tidlegare år, og rekneskapstal hittil dette året.

Sjukefråværet har auka: Det er eit urovekkande høgt sjukefråvær ved kjøkkenet til no i 2014. Dette syner på løn til sjukevikarar, arbeidsgivaravgifta og KLP, men også på auka refusjonar. Her er kome med etterslep av refusjonar frå 2013, då tala er høgare på inntekt enn utgifter. Kjøkkenet har redusert vikarbruk til eit minimum, men drifta må vere forsvarleg. Kjøkkenet har hatt arbeidsplassvurdering ved bedriftshelsetenesta, då sjukefråværet i stor grad knytast til arbeidsbelastninga ved kjøkkenet. For å få ned fråværet må det setjast i verk tiltak med innkjøp av utstyr som kan lette arbeidet. Forventar også auke i tilretteleggingstilskot, då dette er søkt om, men ikkje innvilga pr.d.d.

Fornyng og vedlikehald av maskinpark: Stor slitasje på maskinpark (den er frå 2002) har medført auka vedlikehald og innkjøp av ny steam-oppvaskmaskin. Forventar auke i utgifter då deler av maskinparken må fornyast snarast. Gjeld ny elektrisk steikepanne, hev-og senkbenkar.



## Tiltaks- og konsekvensanalyse

Tiltak	Kostnadsreduksjon /-auke	Konsekvens	Tiltak gjennomført / planlagt gjennomført når
Redusere innkjøp av mat og auke inntekta av mat	100 000,- (reduksjon, er lagt inn i budsjettendring)	Mindre assortement, nøktern utnytting av mat, redusere matavfall, auke inntekta med auka gebyr.	2014
Redusert innleige av vikarar ved sjukefråvær	Har fått inn refusjon på 49 000,- meir enn det vi har brukt på vikarinleige	Har redusert innleige av vikarar, men medfører auka slitasje på dei som er igjen i kjøkkenet, som igjen står i fare for å verte sjukmelde/ er blitt sjukmelde.	2014

Budsjett 2014	Behov	Mangl. finansiering /til fordeling
19 543 000	19 708 000	165 000

Tenesteeining	Rekneskap 2012*	Rekneskap 2013*	Budsjett 2014
Heimetenestene	16 207 866	15 164 583	15 000 000

Heimetenestene er samansett av tryggleiksavdelinga, Flatraket, Selje og Stadlandet eldretun, Heimesjukepleien med heimhjelper, 2 tiltak i privat heim, og rehabilitering og hjelpemiddel.

### Eldretuna:

Aukande vanskar med å få til stabil utleige av alle leilegheitene trass i fleire utlysingar. Dette fører til inntektstap på kr 6 450,- pr leilegheit /mond. Flatraket har hatt 1 leilegheit ledig i snart 1 år, Selje og Stadlandet har hatt ledige leilegheiter, men meir varierende utleige enn Flatraket.

Lønns og driftsutgiftene til eldretuna er tekne så langt ned som mogleg Stillingane er redusert til eit minimum, og tida til serviceoppgåver for bebuarane (i tillegg til at nattevaktene er tatt vekk i heimesjukepleien) gjer at eldretuna ikkje lenger er eit så attraktivt tilbod samanlikna med å få bu heime og få tenester der. I tillegg er det ikkje så mange eldre igjen i utkantane i kommunen.

Ein må vurdere behov for tal leilegheiter, om alle bør øyremerkast eldre og uføre. Eit forslag kan vere å tilby leilegheitene i Selje til dei mest omsorgstrengande, og t.d. leige ut leilegheiter i underetg. på Stadlandet til andre typar leigetakarar. Dette fordi desse leilegheitene ikkje er tilrettelagde med tilkomst til hovedetg.

## Tiltaks- og konsekvensanalyse

Tiltak	Kostnadsred uksjon/-auke	Konsekvens	Tiltak gjennomført / planlagt gjennomført når
<b>Eldretuna:</b> Vurdere kriteriar - utleige eldretunsleiligheter	<b>Red. inntekt</b> Forventa ca 80 000 til 100 000,-	Sviktande etterspurnad etter eldretunsleiligheter fører til red. inntekt. Vanskeleg å anslå resultat for 2014. <b>Ikkje ført inn i 1. tertialrapport/14 *</b>	
<b>Open omsorg:</b> Redusert nattevakt 1,25 % stilling  Oppretta Demensakt. avd. 80 % stilling	<b>Red. forbruk lønn</b> 623 000,-  <b>Ingen endr.</b> Overført 214 000,- frå nattev.st	Brukarane i heimetenesta får ikkje vedtak om rutinemessige tilsyn natt /må nytte tryggl. alarm ved akutt behov.  Oppretta 4 dagplassar /5 dgr veke.	01.05.29014  01.05.2014
<b>Omsorgstiltak privat heim:</b> Redusert utg. til vikar , overført til lønn 490 demensakt. avd	<b>Overført mellom ansvar</b> 100 000,-	Red. pga. lite vikarbruk generelt. Ingen konsekvens	01.05.2014

Budsjett 2014	Behov	Mangl. finansiering /til fordeling
15 000 000	15 100 000	100 000

Tenesteeining	Rekneskap 2012*	Rekneskap 2013*	Budsjett 2014
Vernepleie og psykiatri	15 482 665	17 022 366	14 000 000

Eit tiltak er avslutta, personal er omplassert i andre tiltak.

Planar om omorganisering av ressurskrevande tenester er utsatt på ubestemt tid. Grunna klagesak er ikkje 2 av brukarane flytta som planlagt. Dette vil medføre ei auka utgift til nattevakt til klagesaka er avslutta.

Manglande husleige-inntekter ved Selje omsorgsbustader. Leiligheten har stått tom sidan 1.des. 2013. Dette tilsvarer pr. 30.04 eit tap av inntekt på kr. 32 250,-. Leilighet ved Stadt omsorgsbustader sto ledig mest i heile i fjor, utleigd frå 01.12.13 til 01.06.14.

Manglande budsjettering til omsorgsløn og løn til særskilte tiltak (SFO tilbod på Stadt)  
Til saman kr. 330 000,-

### Tiltaks- og konsekvensanalyse

Tiltak	Kostnadsreduksjon/-auke	Konsekvens	Tiltak gjennomført / planlagt gjennomført når
<b>Omsorgsbustadar Selje:</b> Reduksjon av drift 2,6 % st.	Redusert forbruk løn 1,1 mill.	Redusert med 1 tiltak, omplassert personal, redusert husleigeinntekt	01.01.14
Redusert ekstrahjelp på dagtid	Red. forbruk løn 338 000,-	Personal med ansvar for anna bruker må hjelpe til i stell. Anna bruker treng tilsyn heile tiden og må vere i bruker, som treng hjelp, sin leilighet.	01.03.14
Redusere 42% st. på helg	Red. forbruk løn 272 000,-	Kan gjennomførast om planlagt omorganisering vert ein realitet ( klagesak)	(01.05.14) utsatt på ubestemt tid.
Innføre stille rapport	Red. forbruk løn 88 000,- pr år. For 2014 red. på 44 000,-	Ikkje lenger avsatt tid til at personalet kan snakke med kvarandre i vaktskifte. Rapport går kun gjennom profil.	01.06.14

#### Søknad om friske midler og årsak:

##### **Omsorgsbustadar Selje: kr. 61 000,-**

Årsak: bl.a. auka utdanningspermisjon med løn, viser til kompetanseløftet. Eventuelle midler frå fylkeskommunen er ikkje vorte tilført dette budsjettet. Vidare er der ein auke på kommunale avgifter, manglande budsjettering til alarmsystemet, samt auka utgifter til telefon og datalinjer. Mulig årsak til dette er feil på avtale inngått med Telenor, og at kommunen venter på kreditnota.

##### **Avlastning Triveli: kr. 127 000,-**

Årsak: Manglande budsjettering til omsorgsløn og SFO tilbud på Stadt.

##### **Hove aktivitetssenter: kr. 43 000,-**

Årsak: Auka lønsutgifter til engasjement 40% st, ansatt for eit ½ år for å videreutvikle aktiviseringstilbodet ved Hove. Bl.a arbeide med moglegheiten for å byggje ein garasje, eit prosjekt som har vore tenkt påbegynt i fleire år.

Budsjett 2014	Behov	Mangl. finansiering /til fordeling
14 000 000	14 231 000	231 000

## UTVIKLING

Tenesteeining	Rekneskap 2012*	Rekneskap 2013*	Budsjett 2014
Næring og kultur	2 584 138	1 969 024	1 750 000

### Reiseliv-turistinformasjon

Det lukkast ikkje Selje kommune å få lagt drifta av turistinformasjonstenesten på private aktørar i 2014. Det måtte difor gjerast ei vidareføring av den kommunale drifta etter mønster frå 2013. I ei tid med stor innsats for vekst i reiselivet i kommunen, og med store arrangement i sesongen, er ein turistinformasjon svært viktig. Vedtekte budsjettrammer for 2014 har ikkje teke høgde for avtalte kontingentar. Selje kommune var låst til ei husleigeavtale til ut på våren 2014 (eitt års oppseiing). Det har lukkast å få husleigen halvert for sommaren 2014. Likevel vil det påløpe husleige ut over budsjettert beløp. Reiseliv-turistinformasjon ser dermed ut til å få ei overskriding på om lag 100.000 kr.

### Musikkskulen

Aktiviteten tilpassa budsjettrammer.

### Bibliotek

Drifta av folkebiblioteket i Selje kommune er som tidlegare formidla, redusert til eit nivå der det ikkje lenger er tale om å gje innbyggjarane eit tilfredsstillande tilbod. Med 40% stilling til å drifte bibliotektenesten i ei kommune, seier dette seg sjølv. Det er ikkje sett av midlar til bokkjøp. Budsjettrammene for 2014 har ikkje rom for faste vedlikehaldsavtalar på naudsynt programvare. Desse kan ikkje seiast opp utan at bibliotektenesten blir lagt heilt ned. Etter pålegg frå politisk nivå, blir no bibliotekfilialen på Stad flytta til skulebiblioteket på skulen. Det er her tenkt ei avgrensa opningstid for publikum ein dag i veka. Flyttinga og drifta av biblioteket vil likevel ha ein kostnad. Stipulert meirbehov er kr 90 000.

### Selja og Stad

Dette ansvaret er i 2014 dedikert til eit prosjekt i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune og Riksantikvaren (Kystpilegrimsleia). Med vedtak i kommunestyret i Selje om ei løyving på kr 100 000, same tilskot frå Riksantikvar og fylkeskommune, skal rammene halde. Tilskota vil bli inntektsførde i løpet av året.

### Klosterprosjektet

Tilskotet frå Riksantikvaren utgjer den vesentlege delen av finansieringa i dette ansvaret. Dette tilskotet blir først overført i slutten av budsjettåret. Rekneskapen vil difor gjennom året bere preg av dette. Utgiftene, der skjøtsel i klosterruinane utgjer ein vesentleg del, blir tilpassa tilsagn frå Riksantikvaren. Vi føreset dermed at rammene skal halde.

Budsjett 2014	Behov	Mangl. finansiering /til fordeling
1 750 000	1 940 000	190 000

Tenesteeining	Rekneskap 2012*	Rekneskap 2013*	Budsjett 2014
Kommunalteknikk	2 308 818	2 372 451	1 850 000

Har gått nøye gjennom budsjett/rekneskap for 2014. Konklusjonen er at det ikkje er mogeleg å halde seg innafor tildelt ramme utan å slå av veglysa, seinast frå 1.07.14.

I framlegget til budsjettvedtak til kommunestyremøte 28.04.2014, låg inne innsparing på kr. 165.000 ved å slå av veglysa frå og med 2. halvår 2014. Budsjettsituasjonen har ikkje bedra - helst forverra seg sidan då, og berre ein mild vinter utan særlege utgifter til anna enn beredskap, gjer at det kan vere mogeleg å halde seg innafor tildelt ramme dersom veglysa vert slått av pr. 1.07.14. Alternativet til dette er å tilføre kr. 165.000 til kommunalteknikk sitt budsjett for vidare drift av veglysa. (Dette er absolutt minimum av det som må til om veglys skal driftast). Gjer her merksam på at det pr. 2014 kostar kr. 1.400,- + mva. å re-etablere oppsagde veglysabonnement. For tida har kommunen i drift omlag 30 veglysabonnementet, dvs. ein re-etableringskostnad på over 40.000 kr.

Elles har eg sett på avdelinga sine nettorekneskap 10 år attende i tid. (jfr. budsjettkommentaren til budsjettframlegget mitt for 2014 + vedlegg). Dette viser at ein må attende til 2006 for å finne eit nettorekneskap med samme storleik som vedteke budsjett for 2014. Å skulle fortsette å drive veglysa som idag, utan å tilføre meir midlar, vil medføre totalrasering av dei kommunale vegane. Ein må her også ha i mente at inneverande sesong er siste sesong med gjeldande brøyteavtaler. Frå kommande sesong må det innhentast nye tilbod, som lite truleg vert llågare enn dagens avtaler.

Ein måte å "spare" på kan sjølvsagt vere å la vere å tilsette i ledige stillingar når nokon sluttar. Når det gjeld kommunalteknikk er det tre stillingar på uteseksjonen. To av desse er løna over sjølvkostområda vatn og avløp. Den tredje stillinga er løna med 75% på veg; resten er fordelt på veglys, parkar, friareal, hamner og kommunalt lager. I praxis betyr dette at dersom det skal reduserast td. ved å ikkje tilsette i ledige stillingar, er der ingen til å ta seg av vegvedlikehaldet. Å redusere på stillingsprosentane på vatn og avløp er ikkje aktuelt, jfr. stadige pålegg frå Mattilsyn, Arbeidstilsyn om kontrollar, dokumentasjon osv.. Med bakgrunn i ovanstående ber ein om at det vert teke stilling om veglysa skal avslåast pr. 1.07, om det vert tilført nødvendige midlar (min. kr. 160.000) til drift av veglys eller om det skal gjerast andre tiltak. Noko drastisk må iallefall gjerast.

#### Tiltaks- og konsekvensanalyse

Tiltak	Kostnadsred uksjon/-auke	Konsekvens	Tiltak gjennomført / planlagt gjennomført når
I budsjettvedtaket i kommunestyret frå 28.04.14 for det som gjeld Kommunalteknikk, ligg inne avslåing av alle veglysanlegga. Alle veglysabonnementa må seiast opp.	Reduksjon 165 000	Unnateke nokon få anlegg som vert/kan bli privat drivne, vert truleg resultatet at mange veglysanlegg foreblir avslegne. Kommunen har om lag 30 veglysanlegg;- kostnad for re-etablering er for tida 1.400 kr. + mva. pr. abonnement.	1.07.14

Budsjett 2014. NETTO-KMT	Behov	Mangl. finansiering /til fordeling
1 850 000	2 015 000	165 000

Tenesteeining	Rekneskap 2012*	Rekneskap 2013*	Budsjett 2014
Brann	1 572 094	1 726 053	1 774 000

Pålagt utdanning av brannpersonell har vore utsett på grunn av forlite tildelte midlar over fleire år. Det har knapt nok vore til den daglege drifta. I år har det vore 2 mann på Brannskulen for opplæring som utrykkingsleiarar, 2 mann har vore på røykdykkaropplæring. Framleis har vi 2 utrykkingsleiarar som ikkje har denne opplæringa og det er 11 konstablar som ikkje har grunnkurs. Det kan sjå ut som det manglar kr 200 000,- i det tildelte budsjett og det er lik kuttet som brann fekk. Budsjettet var sett opp med eit minimum, då er kjøp av nye utrykkingsdressar og utdanning resten av personalet utsett til 2015. DSB har no utsett fristen for utdanning grunnkurs til utgangen av 2015. Dersom vi ikkje klarer å få kursinga ferdig innan fristen, kjem avvika med fristar for utføring. Dette syner at brann har gått på eit sparebluss i fleire år. Neste år kjem også utgiftene til det nye nødnettet på ca. kr 140 000,-

#### Kommentar:

- Utrykking med hjertestarter vert brukt der Brannvernet er nærare pasienten enn ambulansen, eller dersom ambulansen er oppteken. Brannvernet har no fått tildelt frå Norsk Luftambulans 2stk. oksygenapparat som skal vere i tillegg til hjertestartarane på redningsoppdrag.
- Det kan sjå ut som ein tendens at AMK nyttar brannvernet ofte til hjertestarterutr. sjølv om ambulansa er ledig, dette kanskje for å legge utgiftene meir over på kommunen. Meininga med at Brannvernet fekk dette utstyret frå Luftambulansen var at når ambulansen var for langt unna skulle vi rykke ut. Korleis vert dette dersom ambulansa vert flytta til Vågsøy? Kan vi fakturere dette til AMK?
- Det er plassert eit sett i kvar brannbil. Dette er og eigensikkerheit for mannskapa i aksjonar.
- Når det gjeld hjelp/assistanse til ambulansoppdrag syner det seg at brannvernet vert brukt meir i åra som kjem.
- Det kan vere vanskeleg å budsjettere når det gjeld utrykkingar (kan ikkje avstå å rykke ut) ein veit aldri kor mange det vert.
- Brannvernet vert i dag brukt til mykje anna enn brann, for eksempel redningsoppdrag, berehjelp til ambulansen, akutt forureining, mm.
- Der vi har utrykkingar til andre ting enn brann ser vi at dette aukar. Årsaka er nok at brannvernet er ein **beredskapsstyrke** i kommunane som kan tilkallast på få minutt.

Øvelsar er i år sett til eit minimum pga den økonomiske stoda, det medfører altfor lite trening for mannskapa. Brannsjefen deltek ikkje på kurs eller konferansar dette året. Har ingen andre tiltak som kan redusere kostnadane, på grunn av at tildelt ramme er minimum eksistens!

Grunnen til at det manglar kr 200 000 er at for å få plass på brannskulen pga stor pågang må ein søkje opptak året før.

Det vert hermed søkt om å få tilført kr 200 000 på brannbudsjettet.

Budsjett 2014	Behov	Mangl. finansiering /til fordeling
1 774 000	1 974 000	200 000

Tenesteeining	Rekneskap 2012*	Rekneskap 2013*	Budsjett 2014
Eigedom	6 957 535	8 349 858	8 500 000

Er litt tidleg på året å seie noko om korleis det vil gå m.o.p. budsjettet. Mykje avhenger av straumutgiftene (om hausten/vinteren blir kald og om strumprisane skyt i været).

Eigedom har ein del utgifter på byrjinga av året som gjeld for heile året, t.d. forsikring av alle kommunale bygg, samt festeavgifter. I tillegg vil straumutgiftene være forholdsvis større 1. kvartal enn dei vil være 2. kvartal (pga. utetemperaturen). Straumutgiftene for desember 2013 er dessutan ført både i 2013 og i 2014 (Pga. at fakturaene er datert 2014 må deiførast også i 2014 for at kommunen skal få tilbakebetalt mva). Utgiftene skal tilbakeførast for 2014, noko som pr. dags dato ikkje er gjort. Disse tinga er med på å gje eit feil bilde av kva pengar eigedom vil bruke i løpet av 2014, dersom ein tek utgangspunkt i at 29 % av budsjettet allereie er brukt opp etter 1. kvartal.

#### Tiltaks- og konsekvensanalyse

Tiltak	Kostnadsreduksjon/-auke	Konsekvens	Tiltak gjennomført / planlagt gjennomført når
Teke vekk 1,6 faste stillingar + pengar til sommarvikarar.	Reduksjon 790 000	Bygningar som «rotar på rot», eigedommar som gror igjen, brukarar som må «klare seg sjølv», bygg som kunne vært reingjort på ein tilfredstillande måte blir det ikkje. Ein arbeidsstokk som i utgangspunktet er alt for liten til å kunne klare og oppretthalde standarden på dei kommunale bygga, er no kutta enda meir.	Januar 2014. Har ikkje teke inn vikarar for langtidssjukemeldte på vedlikehald (Har teke vekk 1 stilling her). Har ikkje erstatta arbeidstakar som har gått av med pensjon (10 % stilling). Kjem til å seie opp arbeidstakar som har passert særalders-grensa (50 % stilling).

Slått av varmen på gamle kommunehuset. (Oljetanken er tom, den vil ikkje bli fylt opp igjen)	Reduksjon 40 000	Naturleg fukt vil ikkje bli tørka ut (vil medføre råteskadar, frostsapreng) og bygget vil gradvis brytas ned og verte «ubeboeleg».	Januar 2014.
Kutt i kjøp av material og eksterne tenester	Reduksjon 150 000	Færre pengar til å kjøpe vindauger, dører, bordkledning, ol. som er rotne og treng å skiftas. Mindre fokus på vedlikehald av bygningane til fordel for driftsoppgåver som krev mindre investeringar (service varmepumper, ventilasjonsanlegg, brannvarslingsanlegg, sprinklaranlegg, smøre dører, reinske takrenner, reinske kummer m.m.). Har slutta å pusse opp leilegheiter som skal leigas ut.	Januar 2014. Har allereie innført endringane.

## **FINANS**

### **Premieavvik og amortisering av tidlegare års premieavvik**

Premieavvik er forskjellen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad. Det er for 2014 satt av kr 661 000 i budsjettet. I 2013 utgjorde premieavviket og amortisering av tidlegare års premieavvik (inkl arbeidsgjevaravgift) ei utgift på kr 2 mill på finansområdet. På einingane blei utgiftene til pensjon kr 1,2 mill lågare enn budsjettert. Det er for tidleg å berekne desse utgiftene meir nøyaktig for 2014 då vi ikkje får pensjonsberekningane før på hausten. Dette blir å komme tilbake til ved rapportering for 2.tertial.

### **Rammetilskot og skatt**

KS lagar prognosemodellar for endeleg rammetilskot og skatteinntekter, slik dette vil sjå ut ved utgangen av året.

Rammetilskotet er i hovudsak basert på folketalet pr.1.7.2013, medan inntektsutjamning og skattetal er basert på folketal pr. 1.1.2014. Nasjonale skatteanslag gjennom året får konkret innverknad på vår kommune.

Når ein ser på tabellen ovanfor pr. mai 2014, er det dårleg prognose for året. Dette kan endre seg , men vi bør ta høgde for sviktande inntekter på dette området. Rådmannen har sendt spørsmål om eventuelle endringar av budsjet ifht prognose til fylkesmannen. Avventar svar.



	<b>Statsbudsjett okt. 13</b>	<b>Prognose mai. 14</b>
Sum Rammetilskot utan inntekstutjamning	94 133	94 133
Sum endringer saldert budsjett mai 2014		-252
<b>Ny sum Rammetilskot utan inntekstutjamning</b>	<b>94 133</b>	<b>93 881</b>
Netto inntekstutjamning	9 911	10 403
<b>Sum Rammetilskot</b>	<b>104 044</b>	<b>104 284</b>
Skatteinntekter	58 296	58 296
Endringer skatteinntekter		-1 980
<b>Sum skatt og rammetilskot</b>	<b>162 340</b>	<b>160 600</b>
<b>Endring totalt</b>		<b>1 740</b>

	<b>Budsjett 2014</b>	<b>Behov</b>	<b>Manglande finansiering/ til fordeling</b>	<b>Kommentar</b>
<b>Aksjeutbytt SFE</b>	-1 200 000	-1 400 000	-200 000	Høgare aksjeutbytte enn budsjettet
<b>Konsesjonskraft</b>	0	-75 000	-75 000	Inntekt som ikkje er budsjettet
<b>Konsesjonsavgift</b>	0	-15 000	-15 000	Inntekt som ikkje er budsjettet
<b>Sum</b>			<b>-290 000</b>	

### **Motpost kalkulatoriske avskrivningar**

Dei kalkulatoriske utgiftene er plasserte på området kommunalteknikk medan motpostane (inntektene) er på finansområdet. Inntektene bør flyttast til kommunalteknikk. Vi har sett tidlegare år at utgiftene blir justerte medan inntektene ikkje blir det og ein får då differanse når ein tek ut budsjettoversikter. Har ikkje resultatteffekt.

	<b>Budsjett 2014</b>	<b>Behov</b>	<b>Mangl. finansiering /til fordeling</b>	
Motpost kalk. avskrivningar	-1 610 000	0	-1 610 000	Overførast til kommunalteknikk der dei kalkulatoriske utgiftene er plasserte. Intern flytting.

## Lover/regelverk

### Sakshandsamar si vurdering

Nedanfor viser tabell 1 med innmelde behov frå tenesteleiarane etter rapporteringa ovanfor samt administrasjonen sitt forslag til fordeling. Tabell 2 viser finansområdet.

**Tabell 1 Drift 26.05.2014**

Område	Behov	Forslag frå adm.	Manglande dekning	Kommentar
Servicekontoret	70 000	0	70 000	
Familie og velferd	387 000	- 290 000	97 000	Plassering av born på institusjon
Sjueheimen	165 000	0	165 000	
Heimetenestene	100 000	0	100 000	
Vernepleie og psykiatri	231 000	0	231 000	
Næring og kultur	190 000	0	190 000	
Kommunalteknikk	165 000	0	165 000	
Brann	200 000	0	200 000	
<b>Sum drift</b>	<b>1 508 000</b>	<b>-290 000</b>	<b>1 218 000</b>	

**Tabell 2 Finans 26.05.2014**

Område	Behov	Forslag frå adm.	Manglande dekning	Kommentar
Rammetilskot og skatt	1 740 000	0	1 740 000	Prognose, avventar svar frå fylkesmannen
Aksjeutbytte / konsesjonskraft-/avgift	-290 000	290 000	0	
Motpost kalk. avskr.	-1 610 000	1 610 000	0	Intern flytting til komm.teknikk
Komm.teknikk	1 610 000	-1 610 000	0	Intern flytting frå finans
<b>Sum finans</b>	<b>1 450 000</b>	<b>290 000</b>	<b>1 740 000</b>	

Som det går fram er det totalt eit innmeldt behov på kr 1 508 000 på drift. På finansområdet manglar ein kr 1 450 000, dersom ein tek hensyn til prognosa om kr 1 740 000 mindre i rammetilskot og skatt.

Forslaget frå administrasjonen er i første omgang å vente med justeringa av rammetilskot og skatt. Ein har då kr 290 000 til disposisjon frå auka utbytte og konsesjonskraft-/avgift. Det er inga enkel sak å vurdere kva område som treng midlar mest i forhold til dei andre. Administrasjonen sitt forslag er å fordele dette til området Familie og velferd då ein veit at ein vil få auka utgifter i samband med plassering av born på institusjon.

Andre midlar som ein har til disposisjon:

- Avsatt til lønsoppgjer kr 2 500 000
- Avsatt til premieavvik kr 661 000
- Reservepost formannskapet kr 1 420 000

Administrasjonen sitt forslag er at ein ikkje fordeler av desse midlane i samband med rapportering for 1.tertial. Vi veit at rekneskapen for 2013 viser eit meirforbruk på kr 6 244 484 og i samband med handsaminga av rekneskapen må kommunestyret vedta plan for inndekking av akkumulert underskot kr 10,5 mill.

## **Konklusjon**

Administrasjonen foreslår at det blir gjort vedtak om budsjettjustering 1.tertial 2014 jf Tabell 1 Drift 26.05.2014 og Tabell 2 Finans 26.05.2014 og kolonnene «forslag frå administrasjon»:

1. Familie og velferd vert tilført kr 290 000
2. Motpost kalkulatoriske avskrivningar kr 1 610 000 blir flytta frå finansområdet til området kommunalteknikk.

## **Saksgang**

Kommunestyret gjer vedtak.

## **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Kommunestyret vedtek budsjettjustering 1.tertial 2014 jf Tabell 1 Drift 26.05.2014 og Tabell 2 Finans 26.05.2014 og kolonnene «forslag frå administrasjon»:

1. Familie og velferd vert tilført kr 290 000
2. Motpost kalkulatoriske avskrivningar kr 1 610 000 blir flytta frå finansområdet til området kommunalteknikk.

## **Handsaming i Driftsutvalet - 28.05.2014**

7 voterande

E-post sendt Driftsutvalet pr. 27.05.14:

Ferdig saksutgreiing og 2 vedlegg; rapportar «Forbruk løn pr. 30.04.14» og «Forbruk periode 1-4 pr. 27.05.14»

## **Framlegg frå Driftsutvalet:**

Som tilråding frå administrasjonen med fylgjande tillegg:

Pkt. 3 Kommunalteknikk

Driftsutvalet ber tenesteleiar *ikkje* seie opp abonnement veglys pr. 01.07.14.

Restfinansiering veglys vert vurdert på 2. tertial rapportering.

Pkt. 4

Driftsutvalet ber administrasjonen sende forespørsel til Helse Førde vedk. bruk av kommunalt brannvern til beredskap.

**Røysting:**

Framlegg frå Driftsutvalet fekk 7 røyster for. Samrøystes.

**KU-019/14 FRAMLEGG**

Kommunestyret vedtek budsjettjustering 1.tertial 2014 jf Tabell 1 Drift 26.05.2014 og Tabell 2 Finans 26.05.2014 og kolonnene «forslag frå administrasjon»:

1. Familie og velferd vert tilført kr 290 000
2. Motpost kalkulatoriske avskrivningar kr 1 610 000 blir flytta frå finansområdet til området kommunalteknikk.
3. Kommunalteknikk. Driftsutvalet ber tenesteleiar *ikkje* seie opp abonnement veglys pr. 01.07.14. Restfinansiering veglys vert vurdert på 2. tertial rapportering.
4. Driftsutvalet ber administrasjonen sende forespørsel til Helse Førde vedk. bruk av kommunalt brannvern til beredskap.



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	23.04.2014	043/14
Kommunestyret	28.04.2014	018/14
Eldrerådet	09.05.2014	007/14
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	09.05.2014	006/14
Driftsutvalet	28.05.2014	020/14
Formannskapet	04.06.2014	
Kommunestyret	18.06.2014	

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>Arkivsak</b>
Svein Barmen	FE-231	13/568

## Avgifter og gebyr 2014 - Gebyrregulering som følge av budsjett 2014

### Dokumentliste

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Avsender/Mottaker</b>	<b>Tittel</b>
13	I	24.01.2014	Rådgevar Sverin Barmen	Oppdatert gebyrregulativ
15	I	23.04.2014	Tenesteleiar Eigedom	Reglement for utleige/utlån av lokale i skular og barnehagar i Selje kommune

### Vedlegg i saka

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
14.04.2014	Gebyr og betalingsssatsar 01.08.2014.pdf	54979
23.04.2014	REGLEMENT FOR UMLEIGE AV LOKALER I SKULAR OG BARNEHAGAR I SELJE KOMMUNE - REVIDERT 2014.doc	55201

### Saka gjeld

Justering av kommunale gebyrsatsar som fylgje av økonomisk omstilling.

### Opplysningar til saka

Budsjettvedtak for 2014 tok utgangspunkt i inntekter tilsvarande framlegg frå arbeidsgruppe nedsett i samband med arbeid med rapport frå Agenda Kaupang.

Rapporten peika på at Selje kommune har innanfor avgifter og gebyr eit inntekspotensiale som ikkje er teke ut. Arbeidsgruppa kom med framlegg om at fylgjande område kan prisast på

nytt: 1. vernepleie og praktisk bistand 2. Sjølkostområda 3. Oppmåling og sakshandsaming 4. Byggsaker 5. Utleige av kommunale skular/ barnehagar 6. Husleige  
Tabellar med dei nye prisane ligg ved saka.

### **Lover/regelverk**

K-sak 11/14 Økonomisk omstilling Selje kommune – Budsjett 2014

### **Sakshandsamar si vurdering**

Oppmålingsgebyr er foreslått auka med 25% og vil no vere mellom dei høgaste i regionen. Tiltak etter PBL (Plan og bygningslova) er foreslått auka med om lag 10%. Husleige for kommunale utleigebustader er foreslått auka med 5%.

For å få effekt av pkt. 5, må reglement for utleige av skulebygg vurderast på nytt. Framlegg til nytt reglement er lagt ved saka.

Gruppa vil ikkje gjere framlegg om større auke, før ein ser effekten av dette. Dersom gebyrauken fører med seg redusert aktivitet, vil ein ikkje oppnå høgare inntekter, som var meininga med gjennomgangen.

### **Saksgang**

Saka går til Driftsutvalet, Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne for merknad.

Formannskapet gir tilråding til kommunestyret og legg saka ut offentleg høyring.

Kommunestyret gjer endeleg vedtak.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

1. Dei nye gebyrsatsane vert vedtekne slik dei ligg føre i vedlagde tabellar.
2. Reglement for utleige skulebygg vert justert i samsvar med vedlegg til saka
3. Dei nye satsane vert ført inn i Gebyrhefte for 2014 og gjort gjeldande frå 01.08.2014

### **Handsaming i Formannskapet - 23.04.2014**

7 voterande.

### **Orientering:**

Sak 043/14 er ved ein feil komme med på saklista til Formannskapet 23.04.14.

Ref. sakshandsamar skal denne saka fyrst handsamast i Driftsutvalet / Eldrerådet og Råd..funksjonhemma før Formannskapet 04.06.14.

Saka til off. høyring – og så endeleg vedtak i Kommunestyret 16.06.14.

### **FS-043/14 VEDTAK**

Saka går ut.

Handsaming i Formannskapet 04.06.14

## **Handsaming i Kommunestyret - 28.04.2014**

17 voterande

### **KS-018/14 VEDTAK**

Viser til Formannskapet 23.04.14.

Saka går ut og vert å handsame i Kommunestyret 18.06.14.

## **Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.05.2014**

3 voterande

### **Framlegg frå RFF:**

1. Det er betenkeleg at kommunen legg seg på eit prisnivå som gjer at det vert mindre attraktivt å etablere seg her.
2. Kommunen bør ikkje krevje husleige for bruk av skule- og barnehagerom av humanitære organisasjonar.  
Dette må sjåast som kommunen sitt kulturbidrag til desse organisasjonane.

### **Røysting:**

Framlegg frå RFF fekk 3 røyster for . Samrøystes.

### **RFF-006/14 UTTALE**

1. Det er betenkeleg at kommunen legg seg på eit prisnivå som gjer at det vert mindre attraktivt å etablere seg her.
2. Kommunen bør ikkje krevje husleige for bruk av skule- og barnehagerom av humanitære organisasjonar.  
Dette må sjåast som kommunen sitt kulturbidrag til desse organisasjonane.

## **Handsaming i Eldrerådet - 09.05.2014**

5 voterande

### **Framlegg frå Eldrerådet:**

1. Ei altfor sterk auke i gebyrregulativa for oppmålingsforretning og liknande., jfr. punkt 1-14 i saksframlegget, er ikkje ønskeleg. Difor vert satsane for dei ulike pkt. auka med 10 %, i høve til satsane pr. 31.12.13.
2. Når det gjeld leigesatsar for utleige av lokale i skular og barnehagar, vert satsane redusert med 25% i dei tilfelle det ikkje er anna eigna lokale i lokalmiljøet.

**Røysting:**

Framlegg frå Eldrerådet fekk 5 røyster for. Samrøystes.

**ELD-007/14 UTTALE**

- 1.Ei altfor sterk auke i gebyrregulativa for oppmålingsforretning og liknande., jfr. punkt 1-14 i saksframlegget, er ikkje ønskeleg. Difor vert satsane for dei ulike pkt. auka med 10 %, i høve til satsane pr. 31.12.13.
- 2.Når det gjeld leigesatsar for utleige av lokale i skular og barnehagar, vert satsane redusert med 25% i dei tilfelle det ikkje er anna eigna lokale i lokalmiljøet.

**Handsaming i Driftsutvalet - 28.05.2014**

7 voterande

**Framlegg frå Driftsutvalet:**

- 3.Gjeldande praksis for utleige av skulebygg/barnehage vert å fortsette med.

**Røysting**

- 1.Samrøystes
- 2.Gjeldande praksis for utleige av skulebygg/barnehage vert å fortsette med. Samrøystes.
- 3.Samrøystes

**KU-020/14 FRAMLEGG**

1. Dei nye gebyrsatsane vert vedtekne slik dei ligg føre i vedlagde tabellar.
2. Gjeldande praksis for utleige av skulebygg/barnehage vert å fortsette med
3. Dei nye satsane vert ført inn i Gebyrhefte for 2014 og gjort gjeldande frå 01.08.2014





# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret		
Driftsutvalet	28.05.2014	021/14

<b>Sakshandsamar</b> Bård Fløde	<b>Arkiv</b> FE-034, FA-B00	<b>Arkivsak</b> 14/309
------------------------------------	--------------------------------	---------------------------

## Stadlandet oppvekstsenter - Oppløysing / Endring

### Saka gjeld

Oppløysing av Stadlandet oppvekstsenter

### Opplysningar til saka

Kommunestyret vedtok hausten 2006 å samorganisere Stadlandet skule og Leikvang barnehage som eit oppvekstsenter med felles leing. Rektor har sidan då hatt det administrative ansvaret for både skulen og barnehagen. Bakgrunnen for etableringa av eit oppvekstsenter var i utgangspunktet intensjonar frå politisk leing. Det vart argumentert med innsparings- og rasjonaliseringspotensiale. Same året vart det også etablert oppvekstsenter i det nye skulebygget i Ervik. Ein viktig skilnad på dei to oppvekstsentera, var at i oppvekstsenteret på Ytre, var barnehagen og skulen samlokalisert.

Våren 2011 vart det gjort ei evaluering av oppvekstsenter-modellen. Det vart i denne evalueringa trekt fram både positive og negative erfaringar. Ein av konklusjonane var at organiseringsmodellen ikkje ga økonomiske innsparingar. Evalueringa konkluderte med at det førebels ikkje var godt nok grunnlag for å gå vidare med samorganisering i dei to attståande krinsane.

Ei av erfaringane ein har gjort seg med oppvekstsentermodellen, er at det kan vere krevjande for rektor å følgje opp den barnehagefaglege sida. Rektor har hatt skulefagleg bakgrunn og kompetanse. Sjølv om det frå rektor si side har vore arbeidd medvite og godt for også ivareta det barnehagefaglege ansvaret, har ikkje dette lukkast fullt ut. Vi har også erfart at det krev svært god og tett kommunikasjon mellom rektor og den barnehagefaglege ansvarlege i oppvekstsenteret. Dette er tidkrevjande i ein travel kvardag. Det har også skorta på administrative ressursar for å klare dette på ein god måte. Leiar i barnehagen opplever større heilskap i arbeidet når ansvaret ikkje er delt. Barnehage og skule har ulikt lovgrunnlag og ulikt plan- og avtaleverk.

I evalueringa som vart gjort i 2011 vart det også peika på at for å optimalisere oppvekstsentermodellen, krevst det samlokalisering. Dette har ikkje vore tilfelle i Stadlandet

oppvekstsenter. Ved samlokalisering er det enklare å legge opp til samkøyrde arbeidsplanar der t.d. assistentar og fagarbeidarar kan jobbe både i barnehage og skule.

Vi ser også at barnehagen og skulen i krinsane som ikkje er organiserte so oppvekstsenter, kan ha eit godt samarbeid på ulike felt.

Ved fleire høve har det vore drøfta om organisasjonsmodellen ved Stadlandet oppvekstsenter burde reverserast til sjølvstendige einingar.

Det lukkast ikkje å få ny rektor til Stadlandet oppvekstsenter hausten 2013. Undervisningsinspektør gjekk ut i permisjon frå skulestart. Det vart gjort avtale med sitjande rektor om å halde fram –men med ei meir sjølvstending leing i barnehagen. Barnehagefagleg ansvarleg i oppvekstsenteret vart difor gjeven fullt styransvar. Fungerande styrar gjev uttrykk for at denne sjølvstendige organiseringsmåten ivaretek det barnehagefaglege arbeidet på ein god måte.

Oppvekstsenteret er organisert med eit felles samarbeidsutval. Samarbeidsutvalet ved Stadlandet oppvekstsenter vart bedd om å gjere ei vurdering av oppvekstsenter kontra sjølvstendige einingar. Samarbeidsutvalet har no gjeve ei samrøystes tilråding for oppløysing av oppvekstsenteret ,og tilbakeføring til to sjølvstendige einingar med skule for seg og barnehage for seg.

### **Lover/regelverk**

Opplæringslova.

### **Saksgang**

Kommunestyret gjer vedtak.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Stadlandet oppvekstsenter vert løyst opp. Stadlandet skule og Leikvang barnehage vert sjølvstendige einingar frå 01.08.2014. Einingane får eigne budsjettansvar med tenesteleiar. Det vert valde separate samarbeidsutval for skulen og barnehagen.

### **Handsaming i Driftsutvalet - 28.05.2014**

7 voterande

### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

### **KU-021/14 FRAMLEGG**

Som tilrådinga frå administrasjonen.

